



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 51

(2004–2005)

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. april 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

Fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving vart etablert for å styrkje det europeiske samarbeidet med omsyn til å redusere risiko og skade på menneske, miljø og eigedom ved naturkatastrofar og teknologiske katastrofar. Programmet vart vedteke for perioden 2000–2004, men vart lengt til og med 2006 ved rådsvedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004.

EU evaluerer for tida arbeidet innanfor sivil katastrofevernebuving. Dette kan kome til å resultere i at eit nytt handlingsprogram på feltet vert vedteke for perioden 2007–2013. På bakgrunn av dette, og ettersom det eksisterande handlingsprogrammet gjekk ut 31. desember 2004, har EU sett det naudsynt å lengje handlingsprogrammet med to år, utan at innhaldet og intensjonane i programmet vert endra.

Noreg har teke del i EU sitt handlingsprogram for katastrofevernebuving sidan programmet vart etablert i 1998. St.prp. nr. 45 (1999–2000) stadfesta Noreg si deltaking i programmet til og med 2004. Norsk deltaking i lenginga av handlingsprogrammet fører med seg ei plikt til løyving av midlar over

to år (2005 og 2006) på om lag 680 000 NOK. Stortinget sitt samtykke er difor naudsynt etter Grunnlova § 26, andre leddet.

Ettersom lenginga gjeld allereie frå 2005, er det viktig med ein så rask avgjerdsprosedyre som mogleg. For å få dette til er det lagt opp til at stortingsproposisjonen vert fremja før avgjerda vert teken i EØS-komiteen.

Utkast til avgjerd i EØS-komiteen og uoffisiell norsk omsetjing av rådsavgjerd nr. 2005/12/EF følgjer som vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om programmet

Sidan 1985 har samarbeidet i EU om katastrofevernebuving utvikla seg frå å vere eit tema på ministerrådsmøte til eit eige handlingsprogram for katastrofevernebuving, der også EØS-EFTA-statane tek del. Prosjekt, øvingar, utveksling av sakkunnige og gjennomføring av konferansar er aktivitetar som er vortne sette i verk. Responsen på aktivitetane har vore positiv, både frå medlemsstatane og Kommisjonen si side.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernbygging

Føremålet med handlingsprogrammet er å styrkje det europeiske samarbeidet innanfor katastrofevernbygging ved å støtte opp om og utfylle verksemda til lokale, regionale og nasjonale styresmakter. Målgruppa er institusjonar med ansvar for katastrofevernbygging. Det vert lagt vekt på følgjande hovudområde:

- å støtte arbeidet til medlemsstatane for å redusere risiko og skade på menneske, miljø og eigedom i tilfelle av naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar,
- å støtte tiltak som aukar katastrofevernbyggningsnivået blant medlemsstatane, slik at dei har betre evne og høve til å respondere i ein krisesituasjon,
- å betre metodane og teknikkane for handtering av kriser,
- å støtte opp om offentleg informasjon, utdanning og medvitsaukande tiltak, slik at innbyggjarane i EU-området meir effektivt kan verne seg sjølve.

I samband med programmet har det vorte utarbeidd ein treårig rullerande plan for konkrete prosjekt. Eit styringsutval vedtek planen og reviderer han årleg på bakgrunn av framlegg frå deltakarstatane. I styringsutvalet er det frå norsk side representasjon frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Noreg har ikkje stemmerett i utvalet. Dei same styringsprinsippa vil liggje til grunn for lenginga av programmet.

Prosjekta vert i stor grad samordna under hovudprosjekt på følgjande område: utveksling av sakkunnige, førebygging og handtering av kriser, og informasjon til publikum. Kvart hovudprosjekt vert leidd av éin stat, med støtte frå to eller tre andre statar.

Kommisjonen finansierer store delar av prosjekta og i hovudsak deltakinga til sakkunnige frå andre statar. Dette prinsippet vart innført ved handlingsprogrammet for 1998–1999, vidareført til det femårige programmet og vil også gjelde for lenginga av programmet i 2005–2006. Til no har dette prinsippet ført til at fleire norske fagstyresmakter har teke del i aktivitetar som seminar og øvingar, i tillegg til å hjelpe andre EØS-EFTA-statar med å organisere prosjekt.

3 Konstitusjonelle tilhøve

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda, og for å gjere det mogleg for EØS-EFTA-statane å ta del i programmet så tidleg som råd i lengingsperioden, ber Regjeringa om Stortinget

sitt samtykke før avgjerda vert teken i EØS-komiteen. Det vil då ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald om konstitusjonelle tilhøve i avgjerda i EØS-komiteen.

Det er ikkje venta at det vil kome endringar i utkastet til avgjerda i EØS-komiteen. Dersom den endelege avgjerda ikkje i det alt vesentlege er i samsvar med det utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt. Ein tek sikte på avgjerd i EØS-komiteen i løpet av våren 2005.

4 Avgjerd i EØS-komiteen

Med sikte på deltakinga til EØS-EFTA-statane i lenginga av EU sitt program for katastrofevernbygging vil avgjerda i EØS-komiteen innehalde ei innleiing og tre artikkelar. I innleiinga vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga til avtala gjennom vedtak i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at protokoll 31 får ei tilføyning om at samarbeidet vert utvida til òg å omfatte rådsvedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004.

Artikkel 2 føreset at avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar i medhald av artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Den finansielle ramma for denne toårige lenginga av programmet er på 4 millionar euro, dvs. gjennomsnittleg 2 millionar euro per år. Det er lagt opp til at EØS-EFTA-statane sitt bidrag vil utgjere 2,11 prosent av det totale budsjettet. Dette vil seie at tilskotet frå EØS-EFTA-statane vil vere på om lag 84 400 euro over to år. Med ein eurokurs på 8,5 vil dette utgjere om lag 717 400 kroner over to år. Noreg sin del (95 prosent av tilskotet frå EØS-EFTA-statane) følgjer av den vanlege fordelingsnøkkelen i EØS-avtala og vil vere på om lag 681 530 kroner, dvs. om lag 340 765 kroner per år.

Tilskotet frå Noreg vil verte finansiert over budsjettet til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap innanfor eksisterande budsjetttrammer (budsjettpost 1, kapittel 451).

Deltakinga i programmet får ingen nemnande administrative konsekvensar, og krev heller ikkje endringar i lover eller forskrifter.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving

6 Konklusjon og tilråding

Samarbeidet innanfor handlingsprogrammet skapar ein viktig arena for utveksling av sakkunnige, røynsler og informasjon om katastrofevernebuving på tvers av landegrensene. Ut frå varierende føresetnader vil ulike statar ha røynsler rundt særskilte krisescenario som er av interesse for andre statar. For Noreg er det til dømes av interesse at fleire land i Europa har handtert flaum dei siste åra, og at Danmark og Nederland har hatt røynsler med større eksplosjonar og brannar i samband med oppbevaring av fyrverkeri. Gjennom prosjekt kan sakkunnige på alle nivå ta del i internasjonalt samarbeid innanfor fagfelte sine.

Gjennom å halde fram med norsk deltaking i programmet vil ein betre kunne halde ved lag dei samarbeidsmønstra som er skipa for informasjonsutveksling, og dessutan ha eit godt høve til å skape nye. Deltaking i programmet inneber vidare at relevante fagmiljø i Noreg får høve til å utarbeide kompetansehevande aktivitetar i regi av programmet.

Målet i programmet om å medverke til å redusere risiko og skade for menneske, miljø og eigedom både på lokalt, regionalt og sentralt plan, er i tråd med dei satsingsområda for den norske katastrofevernebuvinga som vart lagde fram i St.meld.

nr. 39 (2003–2004) og St.meld. 17 (2001–2002). Her går det mellom anna fram at dei internasjonale sidene ved samfunnstryggleiken skal verte prioriterte i tida framover. Deltaking i fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving vil såleis vere i tråd med norske interesser og ha grunnlag i nasjonale prioriteringar. Justisdepartementet tilrår difor at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving

Forslag

til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving

I

Stortinget gjev sitt samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember

2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernbygging

Vedlegg 1

Avgjerd i EØS-komiteen nr. [...] av [...] om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr ... / ... av ... ⁽¹⁾.
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte rådsvedtak 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernbygging ⁽²⁾.
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2005 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 artikkel 10 nr. 8 bokstav b) i avtala vert følgjande lagt til:

¹ TEU L ...

² TEU L 6 av 8.1.2005, s. 7.

«, endret ved

- **32005 D 0012:** Rådsvedtak 2005/12/EF av 20. desember 2004 (EUT L 6 av 8.1.2005, s. 7).»

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala ⁽³⁾.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2005.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, [...]

For EØS-komiteen

Formann

[...]

Sekretærer for EØS-komiteen

[...]

³ Forfatningsrettslege krav oppgjevne.] [Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av vedtak nr. 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak nr. 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving

Vedlegg 2

Rådsvedtak av 20. desember 2004 om endring av vedtak 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuving (2005/12/EF)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 308, med tilvising til framlegget frå Kommisjonen, med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽¹⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

1. Ved rådsvedtak av 9. desember 1999 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuving⁽²⁾ vart det innført eit fellesskapstiltak med sikte på førebygging, førebuing og hjelpeaksjonar i samband med naturkatastrofar og menneskeskapte katastrofar både på land og på havet for tidsrommet 1. januar 2000–31. desember 2004.
2. Hendingar i den seinaste tida, som t.d. flau-mane i Sentral- og Aust-Europa sommaren 2002,ulukka med Prestige i Spania i november 2002 og varmebølgja og dei omfattande skog-brannane i Sør-Europa sommaren 2003, viser at tiltaket som vart innført på fellesskapsplan på området katastrofevernebuving i medhald av vedtak 1999/847/EF, bør halde fram.
3. For å unngå avbrot mellom tidspunktet då vedtak 1999/847/EF går ut og tidspunktet då eit nytt rettsleg grunnlag kan nyttast, er det naud-

synt å lengje det handlingsprogrammet som vart skipa ved vedtak 1999/847/EF, i eit tidsrom på to år.

4. Vedtak 1999/847/EF bør difor endrast –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedtak 1999/847/EF vert det gjort følgjande endringar:

- a) I artikkel 1 nr. 1 vert «1. desember 2004» bytt ut med «31. desember 2006».
- b) I artikkel 2 nr. 3 skal første leddet lyde:
«Den finansielle referansesummen for gjennomføringa av programmet er 7,5 millionar euro for tidsrommet 1. januar 2000–31. desember 2004, og 4,0 millionar euro for tidsrommet 1. januar 2005–31. desember 2006.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.
Utferda i Brussel, 20. desember 2004.

For Rådet
P. VAN GEEL
Formann

¹ Fråsegn gjeven 15. desember 2004 (enno ikkje offentleggjord i EUT).

² TEF L 327 av 21.12.1999, s. 53.